VINDAFJORD
KOMMUNE

# Kvalitetsmelding



## Barnehagane, skulane og SFO i Vindafjord kommune 2022

VINDAFJORD KOMMUNE

# Forord



Det er fastsett i opplæringslova §13-3e at skuleeigar er plikta til å utarbeida ein årleg rapport som seier noko om tilstanden i opplæringa.

Rapporten skal som eit minimum omtala læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigar kan omtala andre resultat og bruka andre data ut frå lokale behov. I Vindafjord kommune er rapporten utvida til å gjelda barnehagane og SFO også. Datagrunnlaget for barnehage og SFO er mindre enn for skule, dermed vil rapporten omhandla skule i større grad.

Namneendring frå tilstandsrapport til kvalitetsmelding er gjort for å kommunisera at føremålet med rapporten er å danna eit felles grunnlag for å utvikla kvalitet i barnehage, skule og SFO. Denne namnendringa er også i tråd med det som kom fram i den nasjonale evaluering av årlige tilstandsrapporter. (Rambøll)

Ein slik systematisk dokumentasjon og analyse av innsatsfaktorar og resultat kan bidra til god dialog og læringssløyfer mellom barnehagar, skular og det politiske nivå.

Det er einingane sine rapporteringar, kartleggingar og undersøkingar som ligg til grunn for det som blir presentert. Døme på dette er barnehagen sitt innrapporteringssystem (BASIL), grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI), nasjonale prøvar, brukarundersøking og elevundersøking mm.

Barnehage- og skulesjef har samanfatta resultata.

Erfaringsutveksling skal gje grunnlag for vurdering og debatt som kan bidra til god planlegging og betra kvalitet.

Kvalitetsmeldinga skal gje ei tilbakemelding om drift og status for dei kommunale barnehagane og skulane i Vindafjord. Samstundes vil meldinga presentera vurderingar innanfor ulike område og gje ei retning for vidare utviklingstiltak.

For å styrkja involvering av lokal politisk leiing er det viktig å bruka kvalitetsmeldinga til å telja og fortelja. Tala viser kva som går bra, og kva som kan bli betre. Me ser det som avgjerande for nytteverdien av kvalitetsmeldinga at me fortel om noko av det som ligg bak tala. Kva er det tala *ikkje* viser? Det me treng å ha dialog om for å *saman* vurdera kloke grep for å vidareutvikla kvaliteten på tilbodet i våre barnehagar, skular og SFO.

VINDAFJORD KOMMUNE

# Barn og elevar

| Barnehageår | Tal på barn kommunal barnehage | Tal på barn privat barnehage |
|---:|---:|---:|
| 2022-23 | 283 | 168 |
| 2021-22 | 285 | 162 |
| 2020-21 | 285 | 171 |




| Skuleår | Tal på elevar |
|---:|---:|
| 2022-23 | 1 144 |
| 2021-22 | 1 130 |
| 2020-21 | 1 118 |



VINDAFJORD KOMMUNE

# Tilsette

| Kva | Tal på tilsette |
|---|---|
| Tilsette pedagogar i barnehagen (ikkje heile stillingar) | 36 (+3,8 spes. ped. team) |
| Tilsette fagarbeidarar/assistentar i barnehagen (ikkje heile stillingar) | 45 |
| Tilsette lærarar på skulen (ikkje heile stillingar) | 136 |
| Tilsette fagarbeidarar/assistentar på skulen (ikkje heile stillingar) | 47 |

VINDAFJORD KOMMUNE

# Innhald

- Samandrag
- Barnehage- og skulemiljø, kompetanse
- Tal og data for barnehagane i Vindafjord
- Tal og data for skulane i Vindafjord
- Utvikling og kvalitet i oppvekst

Bileta er frå dei ulike einingane i kommunen

VINDAFJORD KOMMUNE

# Samandrag

- Læringsresultat

Barnehage: TRAS og foreldreundersøkinga viser at ein ligg rundt snittet i landet.

Skule: Det er same trend som tidlegare, med låge resultat tidleg i skuleløpet og god utvikling når ein blir eldre.

- Fråfall

Skule: Svært positive tal i høve til overgang til vidaregåande skule, som sist skuleår kjem ein ut med 99 prosent. Fråvær på ungdomsskulen er nytt i rapporten dette året.

- Læringsmiljø

Barnehage: Jobbar godt i tråd med kravet i barnehagelova.

Skule: Jobbar godt i tråd med kravet i opplæringslova, elevundersøkinga viser det er enkelte miljø som er utfordrande. Det er blitt jobba godt med fleire konkrete saker. Dette har gitt gode resultat.

Det er stabile tal på aktivitetsplanar i skulen i 2022 som i 2021 (1. termin 2021 var det 17 aktivitetsplanar, 1. termin 2022 var det 18 aktivitetsplanar)



VINDAFJORD KOMMUNE

# Einingsleiarane i barnehage og skule

- Einingsleiarane har ei spanande og krevjande rolle. Oppgåvene er mange, og rolla er i utvikling både lokalt og nasjonalt. Lokalt er barnehagane og skulane eigne sjølvstendige einingar med eigen leiar. Nasjonalt sett blir det også stilt større krav til leiaren. Kjetil Børhaug (Institutt for administrasjon og organisasjonsvitskap ved Universitetet i Bergen) meiner at rolla er i utvikling til å vera både leiar for eigen barnehage/skule, men også som del av eit større system. Den nye leiaren vil truleg ikkje berre ha ansvar for å leia og organisera barnehagen/skulen, men også å vera ein nettverksbyggar utad, ein politisk aktivist, ein som leiar endringar og møter konkurranse. Denne utviklinga gjer også at det kan bli krav om at leiarane skal ha mastergrad innan barnehage- eller skuleleiing.
- I Vindafjord er leiarane våre ein del av kommunen sitt driftsapparat.
- Gjennom leiaravtalen har kvar tenesteeining ved leiar delegert mynde når det gjeld økonomi, personalansvar og tenesteproduksjon. Einingsleiar har stor grad av fridom til å løysa oppgåvene innan fastsette mål og rammer. I kommunetorget.no er modellen definert som *«en resultatenhet er en avgrensa og relativt selvstendig kommunal virksomhet med stor operativ frihet og tilnærma totalansvar for egen drift og egne resultater innen hovedsakelig eksternt fastsatte økonomiske rammer»*
- I 2022 starta det ny styrar i januar, og to nye rektorar på to av skulane i august.

VINDAFJORD KOMMUNE

## Nasjonale sektormål

**Sektormål for barnehage**

- Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- Barn som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

**Sektormål for grunnopplæringa**

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga.

Staten har sett nokre felles sektormål for barnehage og skule. Det er kommunen, som eigar, som har ansvar for å innfri dei nasjonale måla. SFO er del av skule, såleis vil sektormål for skule også gjelda SFO.

Rammeplan for barnehage og SFO, samt læreplan for skule, er rettleiaren som skal føre oss fram til desse sektormåla. Med innføring av ny læreplan for skule, LK20, har innhaldet i rammeplan for barnehage, SFO og læreplan i skule svært mykje til felles.

Sektormåla gir oss som kommune eit ansvar for at absolutt <u>alle</u> barn og unge opplever meistring i eit inkluderande fellesskap med andre.

VINDAFJORD KOMMUNE




## Inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO

For å nå dei nasjonale sektormåla, kan ein i ein forenkla modell seie at innsats i barnehage, skule og SFO blir gitt på tre nivå: (Sjå trekantmodell)

1) Grønt nivå:
Med god allmenpedagogikk og tilpassing av tilbodet kan ein nå 75 – 85 % av elevane i skule. I barnehage og SFO kanskje endå fleire. Tilpassing omhandlar både relasjonar, metodar, verkty/utstyr/læremiddel, ressursar, læringsarena, kompetanse, rettleiing og støtte til tilsette m.m.

2) Gult nivå:
Dette er barn/unge som har behov for styrkingstiltak i kortare eller lengre periodar. 15 – 25 % av elevane i skule har behov for dette. Noko av dette vil vera spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning (med enkeltvedtak), men mykje kan gjerast gjennom intensiv og dokumentert innsats/oppfølging over ein periode.

3) Rødt nivå:
Dette er barn/unge som har behov for særskilt og varig tilrettelegging. Ein reknar med at 1 – 3 % har slike behov. Dette er oftast barn/unge med rett til spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning etter enkeltvedtak. (Heilt individuelt tilpassa tilbod.)

*(Kjelde: Høgskulen Innlandet, SePu.)*

VINDAFJORD KOMMUNE

# Trygt og godt barnehage- og skulemiljø

Barn og unge sitt skulemiljø er eit viktig satsingsområde for Vindafjord. Eit trygt og godt miljø i barnehage og skule er ein føresetnad for trivsel og læring. Vindafjordbarnehagane- og skulane har nulltoleranse for mobbing, diskriminering, vald og rasisme. Retten til eit trygt og godt barnehagemiljø er slått fast i kapittel VIII barnehageloven, og retten til trygt og godt skulemiljø er slått fast i kapittel 9A opplæringslova. Det er barnet og eleven si eiga oppleving av korleis ein har det i barnehagen og på skulen som er avgjerande. Ordlyden «trygt og godt» siktar til barnet og eleven sitt psykososiale barnehagemiljø og skulemiljø, og retten i barnehagelova og opplæringslova.

For å auka Vindafjordskulen sin kompetanse på området, deltok kommunen mellom anna i pulje 5 i det nasjonale læringsmiljøprosjektet i perioden 2020-22. Tre av skulane er i samarbeid med Universitetet i Stavanger og Læringsmiljøsenteret i Stavanger med på satsinga, *Bry deg!* Pågåande sertifisering i Olweus-programmet for Bjoa skule (tre år sidan sist) og Skjold skule.

Barnehagar og skule har ei aktivitetsplikt som blir utløyst når eit barn/elev ikkje har eit trygt og godt barnehage/skulemiljø. Aktivitetsplikta er delt i fem delplikter som blir sikra gjennom ein aktivitetsplan. Kva problem tiltaka skal løysa, kva tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka og når tiltaka skal evaluerast.

Aktivitetsplanar på skulen 1. termin 2022/2023 er 18 i talet, dette er ein meir enn hausten 2021 (1. termin 2021/2022 17 aktivitetsplanar).

VINDAFJORD KOMMUNE

# Trygt og inkluderande barnehage- og skulemiljø

**Slik jobbar barnehagane og skulane for å fremja eit trygt og inkluderande barnehage- og skulemiljø**






VINDAFJORD KOMMUNE

# Trygt og inkluderande barnehage- og skulemiljø

**Slik jobbar barnehagane og skulane for å fremja eit trygt og inkluderande barnehage- og skulemiljø:**

- Har vore og er med på ulike satsingar
- Relasjonsbygging gjennom heile dagen, lytta og ta på alvor, sjå den enkelte
- Bli kjent / trivselsveka
- Organiserte aktivitetar som fremjar inkludering
- God informasjon til føresette og barn
- God struktur og rutinar i det daglege arbeidet
- Rutinar for overgang bhg/skule barneskule/ungdomsskule
- Læringsmiljøundersøking
- Gode vaktrutinar
- Oversikt over sårbare elevar
- Gjennomgang av Handlingsplan for trygt og godt psykososialt læringsmiljø
- Tidleg innsats i læringsmiljøsaker
- Forventning om autoritativ klasseleiing
- PPT deltek i større grad i pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagane og skulane for å rettleia med å tilpassa opplæringa og skapa gode vaksen-barn relasjonar for å styrka ein inkluderande praksis

VINDAFJORD KOMMUNE

# Kompetanse

**BASIL (rapport og statistikk for barnehagar) 2022:**

- 100 % av styrarane har godkjend utdanning
- 95 % av pedagogiske leiarar har godkjend utdanning

**GSI (statistikk grunnskulen) 2022:**

- 97 % av alle lærarane har godkjend utdanning for tilsetjing (100 % dersom ein ser på fast tilsette)

Tilsette sin kompetanse har stor innverknad på kvaliteten i det pedagogiske arbeidet i barnehage og skule. Dette gjeld både erfaringbasert og formell kompetanse.

Når tilsette lærar og utviklar seg saman mot felles mål og visjonar har dette endå større innverknad på kvalitet i arbeidet.

Med kompetanse forstår me både kunnskap, ferdigheiter, haldningar og verdiar.

I tråd med strategien Kompetanse for fremtidens barnehage og Stortingsmelding 6 Tett på- tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO skal barnehagar og skular jobba med kompetanseutvikling gjennom regionale samarbeid.

VINDAFJORD KOMMUNE

# Slik jobbar me med kompetanseutvikling i oppvekst

- 3 leiarar i barnehagane fullførte styrarutdanninga i 2022
- 3 leiarar/inspektørar fullførte rektorutdanninga i 2022
- 5 lærarar i skulen tek vidareutdanning gjennom ordninga Kompetanse for kvalitet

- Barnehagane har lærande nettverk for leiarar annakvar månad med fokus på å leia pedagogisk utviklingsarbeid. Dette gjennom digitale lærande nettverk for styrarar og pedagogiske leiarar.
- Nettverk for spesialpedagogar i kommunen, både internt i kommunen og saman med Etne.

VINDAFJORD KOMMUNE

# Kompetanse

**Tilskotsordningar for lokal kompetanseutvikling i barnehage og skule**

Regional ordning og Desentralisert ordning er eit samarbeid mellom universitet- og høgskulesektoren og barnehage-/skuleeigar, leiarar og tilsette i barnehage og skule. Samarbeidet skal ta utgangspunkt i barnehagen og skulen sitt behov for kompetanseutvikling. Universitet og høgskular bidreg med forskingsbasert kunnskap, som i møte med praksisfeltet skal bidra til betre praksis i barnehagen/skulen og til å utvikla lærarutdanningane.

Sandeid barnehage har vore pilot, har delteke i partnarskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL) med tema pedagogisk leiing. Alle barnehagane har drege nytte av dette gjennom dei lærande nettverka.

Skulane Vikedal, Ølen og Skjold deltek i partnarskap med HVL med overordna tema *Lesing i eit inkluderande læringsmiljø*

VINDAFJORD KOMMUNE

# Kompetanse

**Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis**

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis skal bygga på lokale vurderingar av behov for kompetanse i samarbeid med universitet eller høgskule. PPT, barnehage-/skuleeigar, leiarar, alle tilsette og andre tverrfaglege tenester i laget rundt barn og unge skal involverast i kompetanseutviklinga. Kompetanseløftet skal bidra til at det er tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane. Det trengst kompetanse til å kunna førebygga utanforskap, fanga opp utfordringar og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei som har behov for særskilt tilrettelegging.

Vindafjord kommune har fått 450 000 kroner og partnar HVL har fått 450 000 kroner til forprosjektfase. Hovudsøknaden er blitt sendt i februar 2023.

VINDAFJORD KOMMUNE

# Del av undervisningspersonalet som fyller kompetansekrav for å undervisa (krav som vert gjeldande frå 2025)

- Tala i parantes er tal frå 2021
- 57 (50) av 68 (66) lærarar som underviser i faget matematikk har godkjend utdanning for undervisning etter kompetansekrav
- 28 (28) av 43 (41) lærarar som underviser i faget engelsk har godkjend utdanning for undervisning etter kompetansekrav
- 66 (71) av 70 (76) lærarar som underviser i faget norsk har godkjend utdanning for undervisning etter kompetansekrav

I Vindafjordskulen har fleire lærarar dei siste åra teke vidareutdanning. Det er framleis nokre lærarar som manglar kompetanse for å undervisa i faga norsk, engelsk og matematikk. Det er ein skilnad på krav for tilsetjing og for å undervisa i fag.

**Del av undervisningspersonalet som fyller kompetansekrav for tilsetjing (alle i fast fyller kompetansekrav)**

| År | 2017-18 | 2018-19 | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 | 2022-23 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Tal | 85 % | 92,5 % | 98,5 % | 96 % | 94 % | 97 % |

VINDAFJORD KOMMUNE

# Kompetanse

**Behov for kompetanse framover**

For å følgje kompetansekrava for lærarar, gjeldande frå 2025 for undervisning i blant anna faga norsk, engelsk, matematikk, treng fleire lærarar å ta vidareutdanning. Desse kompetansekrava gjeld for lærarar som er utdanna etter 2014. Andre fag Vindafjord kommune prioriterer innafor vidareutdanning er spesialpedagogikk og profesjonsfagleg digital kompetanse.

Det er i dag nok pedagogar utdanna. Per i dag ser det ikkje ut til at ein har behov for fleire utdanna med det første.

Kompetanse på å legga til rette for sårbare born og elevar med samansette vanskar slik at dei opplever meistring og vert inkludert i fellesskapet blir prioritert.

VINDAFJORD KOMMUNE

# Arbeid med kvalitet i barnehage, skule og SFO

**Modellen for kvalitetsutvikling i barnehage, skule og SFO ligg** her BARNEHAGE- OG SKULEBASERT KOMPETANSEUTVIKLING

- Modellen skal støtta eigar, barnehagane og skulane i arbeidet med å vidareutvikla god kvalitet
- I barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling skal tema for arbeidet bestemmast ut frå analyse av kartleggingar og anna informasjon/data

Modellen tek føre seg desse områda for å sikra arbeid med kvalitet:

- Informasjon/bakgrunnstal for val av tema
- Føresetnad for arbeidet (klar for læring)
- Dokumentasjon av arbeidet
- Involvering og medverknad
- Lærande nettverk
- Årshjul gjennomføring
- Finna overordna mål
- Analyse og mål
- Tiltak
- Årleg statusmøte med barnehage-/ skuleeigar - Kvalitetsmelding

# Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Vindafjord kommune

**Vindafjord kommune har vedteke ein plan for tverrfagleg samarbeid som inkluderer ei oversikt over einingar og organisasjon og møteplan for faglege og tverrfaglege møter gjennom året.**

BTI, Betre Tverrfagleg Innsats, skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng. For å kunne vera sikre på at me fangar opp og bidrar best mogeleg er det naudsynt med nært og godt samarbeid mellom dei kommunale tenestene. Kjennskap til kvarandre, kvalitet og kompetanse i einingane og felles møtepunkt er viktig i denne samanheng. Her er alle som arbeidar med barn og unge viktige støttespelarar, om det er kontaktperson i barnevernet, læraren på skulen eller pedagogisk leiar i barnehagen. Me jobbar saman, for i vår kommune tek me alle bekymringar, små og store, som gjeld barn og unge på alvor.

BTI-modellen

VINDAFJORD KOMMUNE

# LAGET RUNDT BARNET, BETRE SAMARBEID




Somme gonger må barnehagane og skulane setja inn tiltak rundt barn og unge. Det kan vera små tiltak, som t.d. at Per treng litt meir tid i garderoben med mor om morgonen for at dagen skal bli bra. Det kan vera større tiltak som at barne- og familierettleiar må rettleia foreldra til Per som står i ein vanskeleg og vond familiesituasjon.

Ein av dei viktigaste oppgåvene barnehagar og skular har er å tilpasse tilbodet til alle barn og elevar der dei er. Mange behov skal ivaretakast på ein god og profesjonell måte. Det er viktig å tilpassa tilbodet tidleg, slik at ikkje utfordringar veks seg store. Dersom barnehagane og skulane klarer å setja inn tiltak tidleg vil dette ha stor betydning for barnet, familien til barnet, personalet i barnehage/skule, generelt sett laget rundt barnet og samfunnet som heilskap. Å setja inn tiltak så tidleg som mogleg har størst effekt, og er mest økonomisk lønsamt. Dei første leveåra til barnet er viktige for å utvikla kognitiv dugleik. Dersom me set inn tiltak tidleg nok, kan det betra barnet sin kognitive og sosiale dugleik, noko som er mykje meir effektivt enn å setja i verk tiltak når barnet blir større. Nobelprisvinnar James Heckman har forska på dette, og illustrerer kostnytte av tidleg innsats godt.

VINDAFJORD KOMMUNE

I Vindafjord jobbar alle barnehagar og skular etter BTI-modellen (Betre Tverrfagleg innsats) for å sikra:

- Tidleg innsats
- At "laget rundt barnet" (barnehage/skule og støttetenester) samarbeidar
- At samarbeidet skjer saman med barnet/ungdommen og føresette
- At samarbeidet skjer utan at det blir ventetid og oppfølgingsbrot

**BTI-rettleiaren:** For å få til dette følgjer barnehagane og skulane den same oppskrifta for tiltak på individnivå (tiltak som er retta direkte mot eit barn) som tydeleggjer kva steg ein skal ta og kva verktøy ein skal bruka. Alle barnehagane og skulane skal nytta denne oppskrifta i si eining. Eit verktøy i denne modellen er Stafettloggen.

**Stafettloggen:** er ein digital tiltakslogg som sikrar at alle tiltak blir;

- Konkrete
- Planlagde og evaluerte
- Barnet/ungdomen og føresette blir involverte
- Dei som har tiltak rundt eit barn, «laget rundt barnet», har den same informasjonen
- Følgt opp av ein Stafetthaldar som har eit ekstra ansvar for at "laget rundt barnet" samarbeider, og at det ikkje blir brot og ventetid i oppfølginga.

VINDAFJORD KOMMUNE

# Tal og data for barnehagane i Vindafjord 2022



# Tal og data for barnehagane i Vindafjord

Det er tre private barnehagar i kommunen. Dei er ikkje med her.

| Barnehage | Einingsleiar/styrar | Tal på barn 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|
| Bjoa barnehage | Åse Markhus Berge | 13 | 10 |
| Imsland barnehage | Hilde Bjelland Abelseth | 13 | 9 |
| Vikebygd barnehage | Anne Marte Waage Tveit | 19 | 22 |
| Sandeid barnehage | Aina Apeland | 59 | 56 |
| Skjold barnehage | Anne Grethe Gravdal | 104 | 115 |
| Vats barnehage | Rana Hamid | 35 | 35 |
| Vågen barnhage | Sofie Haugland | 42 | 36 |

VINDAFJORD KOMMUNE

# Årsverk totalt i barnehagane



- **8 styrarar (5,65 årsverk)**
- **34 (30,28 årsverk) pedagogar**
- **45 (37,85 årsverk) fagarbeidarar/assistentar**

- **Spesialpedagogisk TEAM**

3,8 årsverk som jobbar rundt på einingane på barn med behov for spesialpedagogisk hjelp (er i både i kommunale og private barnehagar).

VINDAFJORD KOMMUNE

## Barn per tilsett/bemanningsnorm

Lov om barnehagar set krav om at barnehagane har ei grunnbemanning som tilsvarar minimum ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett. Alle barnehagane oppfyller bemanningsnorma og pedagognorma.

I følgje forskrift om pedagogisk bemanning skal det vera minimum ein pedagog per 7 barn under tre år, og minst ein pedagog per 14 barn over tre år. Eit barn til utløyser krav om ei ny fulltidsstilling som pedagog.

Barnehagane kan søka barnehagemynde om dispensasjon frå norm om pedagogisk bemanning. Per desember 2022 var det gitt dispensasjon i ei sak.



**Fleirspråklege barn**

Det er 17 fleirspråklege barn (64 totalt med dei private barnehagane)

VINDAFJORD KOMMUNE

**Kommentar:**

- Ei bemanning- og pedagognorm tar ikkje omsyn til sosioøkonomiske skilnadar mellom barnehagane.
- I barnehagar der fleire barn har enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp, har ressurspedagogen liten kapasitet til det førebyggjande arbeidet.
- Inkludert i bemanningsnorm ligg pedagogane si planleggingstid, gjennomføring av ulike møter m.m. Dette er tid dei tilsette er borte frå barna. Såleis er bemanningsnorm ikkje ei norm som sikrar *barna sin* vaksentettleik gjennom dagen.



VINDAFJORD KOMMUNE

# Noko å tenkja over…

- Pedagogar har minimum 4 timar planleggingstid kvar veke. Denne skal bli gjennomført innanfor arbeidstid, og det er tid pedagogane går ut av avdeling/er borte frå barna og andre tilsette.
- I tillegg kjem andre oppgåver som foreldresamtalar, samarbeidsmøte internt og med PPT og helse-/velferdstenester, som også tar pedagogar vekk frå barna.
- Denne tida blir til vanleg ikkje kompensert ved at det blir sett inn vikar.
- I skule gjennomfører lærarane planleggingsarbeid, foreldresamtalar og anna utanom undervisningstid/tida dei er saman med barn/unge.
- Det har ikkje kome signaler om at ein nasjonalt vil auke grunnbemanninga for å kompensera for pedagogane si planleggingstid, men det er kommunisert frå Kunnskapsministeren at dette er prioriteringar som må bli gjort av eigarane lokalt. (Utdanningsnytt.no)

VINDAFJORD KOMMUNE

# Tal plassar i barnehage



451 barn i barnehagane

283 barn i kommunale barnehagar

Ca. 200 ledige plassar

| | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunale barnehagar | 283 | 285 | 285 | 290 | 302 | 302 | 314 | 321 | 315 | 317 | 328 | 299 |
| Inkludert private | 451 | 447 | 456 | 473 | 476 | 500 | 505 | 500 | 493 | 484 | 483 | 448 |

| ÅR | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barn med spesialpedagogisk hjelp, Landssnitt | 2,9 % | 3,10 % | 3,20 % | 3,30 % | 3,40 % | 3,60 % | |
| Barn med spesialpedagogisk hjelp Vindafjord | 2,7 % | 2,70 % | 2,80 % | 4,00 % | 4,30 % | 5,37 % | 5,32 % |

| | |
|---|---|
| Kor mange barn per tilsett | 5,25 |
| | |
| Kor mange tilsette med pedagogisk utdanning | 50,00 % |

VINDAFJORD KOMMUNE

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| | Alle kommuner | Vindafjord |
|---|---|---|
| | Alle barnehager | Alle barnehager |
| Kategorier - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar |
| – Ute- og innemiljø | 4,2 | 4,1 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med barnehagens utearealer? | 4,1 | 3,9 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med barnehagens lokaler? | 4,1 | 4,0 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med barnehagens leker og utstyr? | 4,2 | 4,2 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med hygienen i barnehagen? | 4,2 | 4,1 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med barnehagens mattilbud? | 3,9 | 3,9 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med hvordan barnehagen ivaretar barnas sikkerhet | 4,4 | 4,5 |

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| | Alle kommuner | Vindafjord |
|---|---|---|
| | Alle barnehager | Alle barnehager |
| Kategorier - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar |
| − Relasjon mellom barn og voksen | 4,5 | 4,5 |
| Jeg opplever at barnet mitt føler seg trygg på personalet i barnehagen | 4,8 | 4,7 |
| Jeg opplever at de ansatte tar hensyn til mitt barns behov | 4,7 | 4,7 |
| Jeg opplever at de ansatte er engasjerte i mitt barn | 4,7 | 4,7 |
| Jeg opplever at bemanningstetthet -antallet barn per voksen – i barnehagen er tilfredsstillende | 4,0 | 4,0 |

VINDAFJORD KOMMUNE

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| | Alle kommuner | Vindafjord |
|---|---|---|
| | Alle barnehager | Alle barnehager |
| Kategorier - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar |
| − Barnets trivsel | 4,7 | 4,7 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt trives i barnehagen | 4,8 | 4,8 |
| Jeg har inntrykk av at mitt barn har venner i barnehagen | 4,7 | 4,7 |
| Jeg har inntrykk av at barnehagen legger til rette for allsidig lek og aktiviteter | 4,7 | 4,7 |

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| | Alle kommuner | Vindafjord |
|---|---|---|
| | Alle barnehager | Alle barnehager |
| Kategorier - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar |
| − Informasjon | 4,3 | 4,3 |
| Jeg får god informasjon fra personalet om hvordan barnet mitt har det i barnehagen | 4,4 | 4,4 |
| Jeg får god informasjon om innholdet i barnehagedagen | 4,4 | 4,4 |
| Barnehagen er flinke til å informere om eventuelle endringer i personalgruppen | 4,2 | 4,0 |

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| Kategorier - Spørsmål | Alle kommuner<br>Alle barnehager<br>Snittsvar | Vindafjord<br>Alle barnehager<br>Snittsvar |
|---|---|---|
| – Barnets utvikling | 4,7 | 4,7 |
| Jeg har inntrykk av at barnehagen bidrar til mitt barns sosiale utvikling (vennskap, empati, vise hensyn) | 4,7 | 4,7 |
| Jeg har inntrykk av at personalet i barnehagen oppmuntrer mitt barns nysgjerrighet og lyst til å lære | 4,7 | 4,7 |
| Jeg har inntrykk av at barnehagen tilrettelegger for mitt barns språkutvikling | 4,6 | 4,7 |
| Jeg opplever å ha en god dialog med barnehagen om mitt barns utvikling | 4,5 | 4,6 |

VINDAFJORD KOMMUNE

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| | Alle kommuner | Vindafjord |
|---|---|---|
| | Alle barnehager | Alle barnehager |
| Kategorier - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar |
| − Medvirkning | 4,3 | 4,2 |
| Jeg har inntrykk av at barnet mitt får være med på å påvirke innholdet i barnehagedagen | 4,2 | 4,2 |
| Barnehagen tar hensyn til mine synspunkter | 4,4 | 4,5 |
| Barnehagen jobber for å sikre foreldrenes medvirkning | 4,4 | 4,3 |
| Opplever du foreldremøte som nyttig? | 4,1 | 3,8 |

VINDAFJORD KOMMUNE

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| | Alle kommuner | Vindafjord |
|---|---|---|
| | Alle barnehager | Alle barnehager |
| Kategorier - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar |
| – Henting og levering | 4,4 | 4,4 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med hvordan personalet møter dere ved levering av barn? | 4,5 | 4,4 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med hvordan personalet møter dere ved henting av barn? | 4,4 | 4,3 |

VINDAFJORD KOMMUNE

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| | Alle kommuner | Vindafjord |
|---|---|---|
| | Alle barnehager | Alle barnehager |
| Kategorier - Spørsmål | Snittsvar | Snittsvar |
| – Tilvenning og skolestart | 4,5 | 4,4 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med hvordan barnehagen forbereder barnet ditt til skolestart? | 4,3 | 4,4 |
| Hvor fornøyd eller misfornøyd er du med hvordan barnet ditt ble ivaretatt i tilvenningsperioden? | 4,5 | 4,4 |

# Foreldreundersøkinga (dette står på bokmål då det er teke ut rapport frå Utdanningsdirektoratet)

Spørsmålene i foreldreundersøkelsen

| | Kommunal | | Privat | |
|---|---|---|---|---|
| | Alle aldersgrupper | | Alle aldersgrupper | |
| | Hele landet | | Hele landet | |
| | Alle fylker | Rogaland | Alle fylker | Rogaland |
| | Alle kommuner | Vindafjord | Alle kommuner | Vindafjord |
| | Alle barnehager | Alle barnehager | Alle barnehager | Alle barnehager |
